

Øystre Slidre kommune

Ordfører

2940 Heggenes

18.01.05

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

KS Oppland
Fylkeshuset
2626 LILLEHAMMER

KOMM. OG REG. DEP	
20 JAN 2005	
0412771-127	
Ark.	013
Avd.	RA ISSAI MAG

Høyringsuttale

Distriktskommisjonen si utgreiing : Livskraftige distrikt og regionar (NOU 2004: 19) og Sterke regionar – framlegg til ny regioninndeling av Norge (KOU 2004:1)

Øystre Slidre kommune støttar i hovudsak uttalene frå Fylkestinget i Oppland med nokre unntak.

Nærare utdjuping:

Kommunen ser det som ein føresetnad at fleire oppgåver og mynde blir overført til eit folkevald regionalt nivå og til kommunane. Det er også ein føresetnad at kommunen møter meir heilskapleg tenkjing i utviklingsarbeidet. Mykje ressursar blir sløsa med når kommunane må forhalde seg til ulike instansar når dei skal søkje om midlar til utvikling av eigen kommune. Utvikling bør ikkje vere avhengig av gode søknader og rapporteringskrav.

Øystre Slidre støttar og prinsippet om nærleik – å forvalte oppgåvene på eit lågast mogleg effektive nivå. Å gje kommunane ansvar for eigen utvikling og gjere dei i stand til å drive den fram, vil styrke eit svekka lokaldemokrati. Vi meiner derfor at kommunane, gjennom allereie interkommunalt samarbeid, må forvalte fleire verkemiddel enn det dei får i dag. Det gjeld bygdeutvikling (noko valdresregionen forvaltar med stort hell i dag), næringsutvikling, kultur, stadutvikling, areal- og ressursforvaltning, miljø og landbruk og førebyggjande helsearbeid. Dette er ikkje oppgåver som i sin heilskap treng liggje til eit regionalt folkevald nivå. (Sjå pkt.5 og 7 i OFK si uttale om Distriktskommisjonen.)

Øystre Slidre meiner storleiken på kommunane og regionane må vere ei naturleg følgje av oppgåvene. Geografiske avstandar og spreidd busetting må vere moment som blir tillagt vekt i inndelinga. Det er ein føresetnad at staten sender pengar med dei oppgåvene som blir delegerte.

Staten har ei klar oppgåve å leggje føringar og sørgje for rammeoverføringar som sikrar likeverdige velferdstilbod. Dette er avgjerande for å styrke attraktiviteten til lokalsamfunn i distrikta. Det er dessutan nødvendig for å freiste kvinner til å busetje seg i utkantnoreg.


Statlege arbeidsplassar må i mykje større grad leggast til distrikta for å skape dei kompetansejobbane som trengst for ein meir likevektig kjønns- og aldersbalanse.

For å gje distriktkommunane livskraft, må differensierte verkemiddel kompensere for store avstandar, små fagmiljø og spreidd busetting. Det er nettopp busettinga og næringsstrukturen i fjellkommunane som gjer at bykommunar kan sjå på dei som ein positiv gåve meir enn ein tyngande byrde. Å endre regelverk i tråd med endringar i samfunnet elles blir og viktig for å utvikle konkurransekraftige næringar og vekst. Dette gjeld til dømes vern som kan hindre eller leggje til rette for ei utvikling. Fjellkommunane må få nytte utmark og stølsområde på ein fornuftig måte som kan skape næringsgrunnlag og omstilling. Eit større aktuelt prosjekt er med i dette biletet, det er utvikling av Valdres som stølsrike eller natur- og kulturpark. Reduksjon i samla produksjonstilskott til landbruket grunna WTO må kanaliseras til bygdeutvikling og landbruk der behova for omstilling og investeringar er store. Midlane bør rettast inn mot samarbeid mellom landbruk og reiseliv for å utvikle opplevingsbasert landbruk og reiseliv. Men vi vil også understreke at mat- og mjølkeproduksjon er berebelken i landbruket også når det gjeld å oppretthalde kulturlandskapet.

Øystre Slidre meiner reiselivet må få ein meir synleg plass i departementa, med eigen fokus i eitt av dei. Vi må få eit offentleg engasjement som i større grad støttar fellesoppgåvene som legg til rette for reiselivet. Meir og meir bør vi opne for å sjå reiseliv, landbruk, kultur, idrett og helse i samanheng. Derfor støttar vi auka fokus på distriktpolitiske mål inn i sektorpolitikken.

Vi er samde i at forskning må styrkast og rettast mot eksisterande økonomisk aktivitet og lokale grundarar. Døme på det er Beitostølen sitt initiativ til å skape ein reisedestinasjon som den framtidige turisten vil ha, basert på helse, velvere, kultur og opplevingar. Dette skjer i samarbeid med instituttet E-tour i Sverige, eit EU-finansiert senter for reiselivsforskning. Eit slikt initiativ bør ikkje møte motstand i det offentlege apparatet når dei ber om hjelp og støtte. Grunnen til det er nettopp at slike prosjekt er retta mot marknaden og er fullt og heilt oppstrømsverksemd.

Formannskapet i Øystre Slidre


v/Gro Lundby
-ordførar-

Eit mindretal på **ein** i formannskapet støttar uttala, men ynskjer ikkje å knytte han opp mot OFK si uttale om tre forvaltningsnivå. Denne representanten ynskjer stor-kommune i Valdres med ansvar for dei oppgåvene FK har i dag, t.d vidaregåande skule.

Kopi til:

Regionrådet i Valdres

Oppland Fylkeskommune

Fylkesmannen i Oppland

Stortingsrepresentantane i Oppland